



# LEIKANGER JAKT- OG FISKEKLAG

REFERAT ÅRSMØTE 4.03.1988 KL. 19.00

Årsmøte vart halde på Elvegard. Det var 16 frammøtte. Tidspunktet var uheldig pga. skyttarfest same kvelden.

Bjørn Fjøsne leia møtet i fråvær av formannen.

Innkallinga mangla klokkeslett.  
Gjennomgang av årsmelding - ingen kommentar

Val

Kasserar	Per Hauge	- attval
Styremedlem	Bjarne Njøs ut - inn	Olav Finne
Formann jaktutval	Kurt Langeteig	attval
Medlem	" Svein Inge Lundheim	attval
Medlem	" Kolbjørn Nord ut - inn	Ivar Fagerheim
Formann fiskeutval	Svein Inge Moum	- attval
Medlem	" Geir Ove Røysum	- attval
Medlem	" Knut Haukeland	- attval
Valnemnd	Arthur Røysum	- attval
"	Jon Skårhaug	- attval
Revisorar	Sverre Fossen	- attval
	Inge Yttri	- attval

Forhandlingar om kjøp av R. K. hytta einstemmig vedteke under føresetnad at ein får løyve til å setja ho opp. Pris ca 7000,-

Systrond Sportsfiskarlag - ta kontakt med Knut Røysum - Nils O. Røysum om kva som har skjedd med dette laget og kva som skal gjerast med event. aktiva.

Ved event. opplysning av LJF. Er vedtektene gode nok? Etter ein del diskusjon var det lite stemning for å endra vedtektene.

Forslag til aktivitetar i -88.

Natursti - eventuelt samarbeid med trimgruppa  
Vandrepokal for største edelfisk teken med handreidskap.  
Sjøfiskekonkurranse - evt. samarbeid med båtlaget.  
Stangbygging - S. I. Moum annonserar/skaffar materiale  
Flugebinding  
Hjortebane - samarbeid med Skyttarlaget  
Kultiveringsarbeid i Henjaelva frå sjøen til Sygna

Merkeskyting

Tiur - gull 24 sølv 21 bronse 19 kan takast på annonserte treningskveldar

Due kan takast på godkjende stemner

Revepokal til Per Røysum for 1 rev. Ville ikkje ta imot. Minkpokal utdelt til Anfinn Sjøtun 5 mink.

Møtet slutt kl. 22.10